# Møtereferat

## Samarbeidsutval Halbrend barnehage

| **Møtedato:** | **05.10.2023** | **Møtestad:** | Halbrend barnehage |
|---|---|---|---|

| **Møtt** | **Ikkje møtt** |
|---|---|
| Lydia Gram - Månelys<br>Anette Blom - Himmelblå<br>Sofie Folkestad – Stjernetoppen<br>Ida Marie Grepstad Aamodt - Solstråle<br>Hege Hoddevik – tilsette - tilsette<br>Asiya Leonhardsen- tilsette<br>Eva Omdal Følling- einingsleiar (møteleiar)<br>Kristina Mundal – ass. einingsleiar (referent)<br>Mari Haugsbø (vara Stjernetoppen)<br>Petter Jose Vaag (vara Månelys) | Beate Øvrebø- Sunnfjord kommune<br>Eli Gro Fedje - vara Sunnfjord kommune<br>Tine Gotteberg Hove (vara Solstråle)<br>Inez Nanette Dyrstad (vara Himmelblå) |

| **Møteleiar**: | Eva Omdal Følling | **Møtereferent**: | Kristina Mundal |
|---|---|---|---|

### Innleiing av Eva:

- Foreldresamarbeid, kva er skilnad på foreldreråd, FAU og SU
- Di oppgåve som SU-forelder:
  - Engasjer deg
  - Kom med råd og innspel til sakane som blir tekne opp
  - Melde saker ved behov
  - Snakk med andre foreldre for å høyre kva dei meiner om dei ulike sakene.

| Sak nr. | **Sakstittel, omtale og konklusjon** |
|---|---|
| 23/07 | **Godkjenning av innkalling og saksliste**<br><br>Ingen kommentarar til innkalling eller saksliste. |
| 23/08 | **Konstituering**<br><br>**Leiar:** Sofie Huus Folkestad<br>**Nestleiar:** Hege Hoddevik<br>**Medlem:** Lydia Gram<br>**Medlem:** Asiya Leonhardsen |

| | |
|---|---|
| | **Vara medlem:** Anette Blom<br>**Vara medlem:** Ida Marie Grepstad Aamodt<br>**Kommunal rep:** Beate Øvrebø |
| 23/09 | **Innspel til plan: «Saman for EIN god oppvekst»**<br><br>• **Kven er det naturleg å ta kontakt med når foreldre treng råd og rettleiing i høve uro for barn og unge?**<br>  o Eigne barn: Helsesjukepleiar, barnehagelærar/lærar. Home start<br>  o Andre sine barn: Barnevern<br>  o Når det gjeld andre sine barn: Finnast det noko mellomting mellom barnevern og barnehage/skule?<br>  o Fastlege, BUP, familierådgjeving TIBIR/PMTO gjennom helsestasjon,<br>  o Helsestasjon, kompetanseteam gjennom PPT<br>  o Naturleg å kontakte dei som står barna nærmast, til dømes skule/barnehage. Barnehage/skule får informasjon om mange ulike hjelpetenester, kan rettleie foreldre vidare.<br>  o NOK-senteret<br><br>• **Korleis finn de informasjon om hjelpetenestene?**<br>  o Sunnfjord kommune sine heimesider<br>  o Google<br>  o Høyrer via andre eg kjenner, informasjon via barnehagen<br>  o VISMA-APPEN gir masse informasjon – kunne informasjonen ligge der?<br>  o På foreldremøter<br><br>• **Er det utfordringar eller manglar i tenestetilbodet til barn og unge i dag?**<br>  o Blir forvirra av kommunen sine heimesider – «kronglete»<br>  o Vanskeleg å finne informasjonen om tenestetilbodet til barn og unge – finnast det ei samleside for sånt?<br>  o Treng meir tilpassa aktivitetstilbod til barn som fell utanfor. Der er sikkert fleire av dei borna? Men korleis kan dei finne kvarandre?<br>  o Kunne kommunen samla inn informasjon frå lag og organisasjonar og laga ei oversikt over kva som finnast av aktivitetstilbod for barn og unge?<br>  o Informasjonsflyt mellom ulike instansar er utfordrande. Vanskeleg når andre instansar blir kopla inn utan at skule/barnehage får informasjon. Særleg barnevernet.<br>  o Vanskeleg for folk flest å vurdere når ein skal melde bekymring<br>  o Ønsker informasjon/opplæring om korleis melde bekymring når ein uroa for andre barn<br>  o Barnevernet har fått dårleg omtale – det påverkar også terskelen for å melde inn saker til barnevernet. Treng meir informasjon om barnevernet, for å ufarleggjere og senke terskelen.<br>    ▪ Er informasjonen tydeleg nok på heimesida?<br>    ▪ Korleis nå alle?<br>  o Mobbing – foreldre treng meir informasjon.<br><br>• **Kva bør vere kommunen sine viktigaste satsingsområde (tiltak, tilbod, tenester eller liknande) i det førebyggande arbeidet for barn og unge?**<br>  o For familiar og barn som har utfordringar – treng ein koordinator! For å kunne manøvrere seg i tenestetilboda. Men det må vere på eit lågterskelnivå. |

| | |
|---|---|
| | ○ Adferdsutfordringar – Frå eit skuleperspektiv: Utfordrande å få hjelp til observasjon og rettleiing når vi har utfordring med elevar. Bør få hjelp raskt for å unngå at problemet blir større, men det tek for lang tid.<br>○ VIKTIGASTE FØREBYGGANDE TILTAK: FLEIRE FOLK I BARNEHAGE/SKULE! |
| 23/10 | **Informasjonssakar**<br><br>• Oppstart/tilvenning<br>○ Litt nytt på alle avdelingar, både barn og vaksne. Godt førebudd og har vært ei god tilvenning.<br>• Personal – bemanning<br>○ Tre nye tilsette i personalgruppa frå august. Komme til ein vikar ut på hausten. Pr i dag nok pedagogar til å oppfylle pedagognorma.<br>• Budsjett<br>○ Stramt budsjett. Innsparingskrav som ikkje er nådd følgjer over i 2024.<br>○ Barnehagen prioriterer personal og vikar ved fråvær før investeringar i nye leikar.<br>○ SU ynskjer at foreldre kan donere leikar, bøker, spel til barnehagen. Kan barnehagen lage til ei liste over leikar/bøker/spel vi treng, så kan foreldre gi om dei har?<br>• Foreldreundersøking 2023<br>○ Vil bli gjennomført i nov-des. Kjem informasjon via Visma.<br>• Tilbakemeldingane frå foreldremøte<br>○ Gode tilbakemeldingar – vi tar det med oss vidare til leiarmøte i barnehagen.<br>• Mat i barnehagen<br>○ Kontakte pensjonistlaget – nokon som vil lage mat i barnehagen?<br>○ Kva serverer vi i barnehagen? Jamf. Sak frå SU i fjor om ultraprossesserte matvarer<br>▪ Ynskjer å ta saka vidare<br>▪ SU ber barnehagen om å lage ei liste over produkt vi brukar.<br>▪ Barnehagen ber SU legge til rette for at alle foreldre får gi tilbakemeldingar på saka |
| 23/11 | **Eventuelt – innkomne sakar**<br><br>- Fotografering i barnehagen: SU ynskjer at vi legg til rette for gruppebilete til våren. Barnehagen tek kontakt med lokal fotograf. |

*Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.*